



Døsslandspia i full fart i Bergen Travpark. (Foto: Iver Bunes)

Som vi tidlegare har skrivne er no Døsslandspia, travhesten til Gudrun og Halvard Døssland, leigd ut for eit år. Den er no stasjonert ved Bodø, nærare bestemt hos Ole Kristian Andreassen i Saltstraumen. Nordafor har den til no stilt opp i fire løp, og det har resultert i to sigrar og ein tredjeplass. I det fjerde løpet vart den innestengd

Siste sigeren kom i Harstad forrige helg, og Halvard er sjølvsagt svært godt fornøgd både med plasseringa og med måten det skjedde på.

- Det kom fire hestar i breidda likt ut på oppløpssida. Vår hest gjekk i tredje spor, og inn mot mål spurta den frå dei andre. Det viser det er tel i Pia, seier den fornøgde hesteeigaren.

Han har verkeleg grunn til å vera ekstra fornøgd med sigeren, for det var eit sterkt felt Døsslandspia gjekk i denne gangen. Fleire av dei andre hestane var sterkare på papiret. Dei hadde køyrt inn både fire og fem ganger så mykje i kroner som uskedalshesten.

Neste helg er Døsslandspia klar for nytt løp. Halvard er betinga optimist med tanke på ei ny god plassering. – Det er eit hardt felt den skal ut i, men vi kan jo berre håpa, seier hesteeigaren som legg til at Ole Kr. Andreassen arbeider godt med hesten. Han held Halvard og Gudrun godt informert om det som skjer med hesten deira både i trening og i løp.

Av Thor Inge Døssland